

Korleis påverkar årstidene livet på jorda?

Haust, vinter, vår og sommar er kjende omgrep for deg, men har du nokon gong lurt på kvifor vi har årstider? I dette undervisningsopplegget lærer du om korleis sola, månen og jorda bevegar seg i forhold til kvarandre og korleis dette påverkar livet på planeten. Årstidene påverkar livet på jorda, men kan menneska påverke årstidene?

Forslag til hypotesar:

Les påstandane om årstider under. Kva trur du stemmer? Er det nokon du trur stemmer litt eller ikkje i det heile?

- Alle folk på jorda deler året i fire delar.
- Det er sommar på heile jorda samtidig.
- Temperaturen i Noreg endrar seg med årstidene.
- Haren skiftar pels på grunn av årstidene.
- Årstidene for 100 år sidan var akkurat slik årstidene er no.
- Fuglane i Noreg flyg sørover om våren og nordover om hausten.

Oppgåve:

Skriv din eigen hypotese om årstidene. Du kan skrive ein av påstandane over eller lage ein helt ny hypotese. Det viktigaste er at du forklarer *kvifor* du trur det er slik.

Undersøking/eksperiment:

Dramatisering av jorda som snurrar

- I rolla som jordklode: ein appelsin.
- I rolla som Noreg: ein legofigur.
- I rolla som sola: ei lommelykt.

Utstyr:

- Appelsin
- Strikkepinne
- Lommelykt, legofigur og tack-it ("lærarkitt")
- Svart sprittusj





FOTO: AARON BURDEN, UNSPLASH

Framgangsmåte:



Teikn ekvator og polar-sirkelen på appelsinen med ein sprittusj.



Stikk strikkepinnen gjennom appelsinen frå toppen til botnen.




Fest ein legofigur med tack-it omrent der Noreg er.




Hald i endane av strikkepinnen slik at han får ein rett vinkel på golvet.




Tenn lommelykta og plassar ho slik at ho peikar rett på ekvator.




Snurr jordkloden. Korleis treffer solstrålane frå lommelykta jordkloden? Snakk saman.




Snu strikkepinnen omlag 20-30 gradar slik at han står litt på skrå.



Pek med strålane frå lommelykta mot ekvator.



Snurr jordkloden medan han står på skrå.



Korleis treffer strålane frå lommelykta jordkloden no? Snakk saman.

